

Innleiing

Møre og Romsdal fylkeskommune v/FRAM som behandlingsansvarleg legg stor vekt på at handteringa av dine personopplysningar skjer på ein trygg og sikker måte i samsvar med personopplysningslova. Adressa til FRAM finn du nedst i dette dokumentet.

Desse retningslinjene for personvern gjeld for nettstaden mr.flexx.no og andre distribusjonskanalar for FRAM Flexx.

Innsamling og bruk av personopplysningar

Vi innhentar berre personopplysningar som du oppgir til oss og som er nødvendige for at vi skal kunne gjennomføre våre avtaleforpliktingar overfor deg i samband med utføring av bestillingstransport.

Dette lagrar vi:

- Kundeopplysningar: kontaktdata som namn, adresse og telefonnummer.
- Reiseopplysningar: tid og stad for henting.

Dine personopplysningar vil berre bli brukt til andre formål når du samtykker til dette eller når det er nødvendig for at vi skal kunne gjennomføre våre forpliktingar overfor deg.

Vi samlar inn enkelte opplysningar om maskinvaren og programvaren din. Denne informasjonen blir brukt til å drive tenesta, oppretthalde kvaliteten på tenesta og gi generell statistikk for bruken av mr.flexx.no.

Vi samlar og inn informasjon om kva sider kundane besøker på mr.flexx.no. Denne informasjonen om sidebesøk identifiserast berre ved eit unikt ID-nummer, og blir ikkje kopla til personlege opplysningar med mindre det føreligg samtykke.

Vi vil kunne kontakte deg med informasjon i samband med di bestilling eller for å evaluere tenesta.

«Mi side»

Når du registrerar ein profil på «Mi side» på mr.flexx.no vil du sjølv kunne sjå, redigere og slette dei personlege opplysningane som er lagra om deg. Du må logge inn med brukarnamn og passord før du får tilgang til desse opplysningane.

Innsyn

Du har rett til å krevje innsyn i kva for personopplysningar som er lagra hos oss. Du kan fremje eit slikt krav om innsyn ved å kontakte oss som beskrive under. Dei personopplysningane som er lagra på «Mi side» får du tilgang til ved å logge deg inn som beskrive over.

Sletting

Du har rett til å krevje at FRAM sletter personopplysningane dine, med mindre det er lovpålagt for FRAM å oppbevare desse opplysningane. FRAM vil og på eige initiativ slette personopplysningar som det ikkje lenger er nødvendig å oppbevare.

Du kan fremje krav om sletting av personopplysningar ved å kontakte oss som beskrive under. Kundeopplysningane blir sletta innan 30 dagar etter at kravet om sletting er motteke.

FRAM vil på eige initiativ slette personopplysningane for brukarar som ikkje har vært aktiv dei siste 12 månadene.

Sikkerheit for personlege opplysningar

FRAM brukar formar for sikkerheitsteknologi for å beskytte dei personlege opplysningane mot ikkje-autorisert tilgang, bruk eller vidareformidling.

Tilgangen til personopplysningane er avgrensa til dei som har tenestleg behov for dette, og tilgangen blir berre brukt i samband med bestillingstransport.

For å sikre at uvedkommande ikkje får tilgang til dine personopplysningar må alle som kontaktar FRAM med spørsmål om bestilte reiser eller liknande, oppgi referansekode.

Bruk av cookies (informasjonskapslar)

Bruk av cookies hjelper oss å samle besøksstatistikk frå nettsidene våre.

Besøksdata blir aldri knytt til personlege opplysningar.

Viss du vel å ikkje la nettlesaren godta informasjonskapslar frå FRAM Flexx sine nettsider, vil du kunne sjå teksten på skjermen men du vil ikkje oppleve besøket som personleg. Du vil heller ikkje kunne abonnere på tenestetilboda nettstaden tilbyr.

Utlevering av personopplysningar til andre

FRAM gir ikkje personopplysningane dine vidare til andre med mindre det ligg føre eit lovleg grunnlag for slik utlevering. Døme på slikt grunnlag vil typisk at du har samtykka til det eller fordi utlevering er nødvendig for å oppfylle ein avtale med deg, eller det ligg føre lovgrunnlag som pålegg fylkeskommunen å gi ut informasjonen. Informasjonen blir delt med drosjeselskapa for at dei skal kunne gjennomføre transportoppdraget.

Møre og Romsdal fylkeskommune bruker databehandlarar til å samle inn, lagre eller på anna måte behandle personopplysningar på våre vegne. I slike tilfelle har vi inngått avtalar for å ivareta informasjonssikkerheit i alle ledd av behandlinga. Fylkeskommunen nyttar følgande databehandlarar i samband med bestillingstransport:

GoMobile AS
Bosmyrkollen 2
4620 Kristiansand

Kontakt

Har du krav om innsyn, retting/sletting av opplysningar eller spørsmål som gjeld Møre og Romsdal fylkeskommune v/FRAM si behandling av personopplysningar, kan du ta kontakt med FRAM Kundesenter gjennom [kontaktskjemaet](#) eller sende eit brev til postadressa:

FRAM Kundesenter
Postboks 743
6501 Kristiansund N

Alternativt kan du kontakte personvernombodet vårt ved [Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal](#).

Dersom du meiner at Møre og Romsdal fylkeskommune v/FRAM ikkje har overheldt rettane dine med tanke på personopplysningslova, har du rett til å klage til Datatilsynet.

Gyldigheit - og endringsinformasjon

Desse retningslinjene for personvern er gyldige frå og med 1. september 2018 og erstattar alle tidligare retningslinjer for personvern. Vi publiserer alltid dei siste og gjeldande retningslinjene på våre nettsider. Viss vi gjør endringar, publiserer vi ei revidert utgåve med ny gyldigheitsdato.

Om bestillingstransport (Flexx)

<https://frammr.no/FRAM/FRAM-Flexx>

Les meir om Møre og Romsdal fylkeskommune v/FRAM si behandling av personopplysningar.

<https://frammr.no/FRAM/Verdt-aa-vite/Personvern>